

**Referat frå styremøte nr. 5, 2014**

**Dato:** 05.06.2014

**Tid:** 10.00 – 14.00

**Stad:** Union Hotel Geiranger

**Til stades:**

*Frå styret:*

Styreleiar Bjørn Sandnes, Haram kommune  
Styremedlem Kari Grindvik, Skodje kommune  
Styremedlem Geir Ove Vegsund, Sula kommune  
Styremedlem Anders Riise, Hareid kommune  
Varamedlem Turid Hanken, Haram kommune

**Frå administrasjonen:**

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal  
Rådgivar Vegard Sperre Austnes  
Prosjektleiar Anne Mette Liavaag (sak 34 og 35/2014)  
Prosjektleiar Torunn Måseide (sak 36/2014)

**Andre:**

Britt Valderhaug Tyrholm, samhandlingssjef i Helse Møre og Romsdal HF (sak 31/2014)

**Forfall:**

Styremedlem/nestleiar Arnulf Goksøy, Herøy kommune  
Styremedlem Jarle Bjørn Hanken, Ålesund kommune  
Styremedlem Wenche Solheim, Ørsta kommune  
Varamedlem Bjørn Inge Ruset, Norddal kommune  
Varamedlem Geir Inge Lien, Vestnes kommune  
Varamedlem Synnøve Vasstrand Synnes, Ørskog kommune

**Referent:**

Vegard Sperre Austnes

**Referatdato:**

17.06.2014

**Sak 29/2014: Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt**

Ved styreleiar Bjørn Sandnes

Innkallinga til møtet vart godkjent.

**Sak 30/2014: Godkjenning av referatet frå forrige styremøte (nr. 4-2014)**

Ved styreleiar Bjørn Sandnes

Referatet vart godkjent. Det hadde tidlegare vore sendt til godkjenning i styret pr. e-post. Dette fordi godkjent referat skulle sendast til kommunerevisjonen som ein del av grunnlaget for revisjonsberetninga.

Styreleiar omprioriterte i starten på møtet rekkefølga på sakene, men sakene vert referert i den rekkefølga som går fram av møteinnkallinga.

**Sak 31/2014 Praksiskonsulentordninga. Forslag om utvidinga av ordninga som eit samarbeid mellom Helse Møre og Romsdal (HMR) og kommunane i fylket.**

Ved samhandlingssjef i HMR Britt Valderhaug Tyrholm

I Helse Møre og Romsdal er det tilsett to praksiskonsulentar i til saman 40% stilling. Praksiskonsulentane er legar. Hensikta med ordninga er å bidra til auka samhandling og koordinering mellom primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta. Oppgåvene til praksiskonsulentane er forankra i vedlegg 13 i samarbeidsavtalen mellom HMR og kommunane.

Saka har vore handsama i Overordna samhandlingsutval mellom HMR og kommunane. I medhald av det som det vart konkludert med der ber HMR kommunane å finansiere 50% av utgiftene for å auke stillingsprosenten for praksiskonsulentane frå 40% - 80%.

*Vedtak samrøystes:* Styret anbefalar medlemskommunane å medfinansiere praksiskonsulentordninga med 50% av 80% stilling. Dette under føresetnad av at vedlegg 13 i samarbeidsavtalen vert revidert slik at også kommunane sine interesser som medfinansiarar og oppdragsgivarar i ordninga vert ivareteke.

**Sak 32/2014: Samarbeidsavtale med Ålesund Kunnskapspark AS**

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Orienteringssak: Oppfølging av styresak 17/2014.

Styret vedtok i sak 17/2014 å støtte intensjonen i forslaget til samarbeidsavtale mellom Sunnmøre regionråd og Ålesund Kunnskapspark AS.

Nestleiar Arnulf Goksøyr og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal fekk fullmakt til å utarbeide eit revidert avtaleutkast med bakgrunn i innspela og kommentarane frå styret.

Revidert utkast vart sendt på e-post til styremedlemmane for godkjenning 19.05.2014. Styremedlemmane Kari Grindvik, Wenche Solheim, Anders Riise og Geir Ove Vegsund har gitt tilbakemelding om at det reviderte avtaleutkastet kan godkjennast.

Bjørn Sandnes er inhabil i saka og har av den grunn ikkje røysta over det reviderte avtaleforslaget. Styremedlem Jarle Bjørn Hanken (sjukmeld) og varamedlem til styret Geir Inge Lien har ikkje gitt meldt tilbake korleis dei stiller seg til det.

Konklusjonen etter røystinga på e-post er at det er fleirtal i styret for å inngå samarbeidsavtale med ÅKP i tråd med det reviderte avtaleutkastet.

### **Sak 33/2014: Startlån og bustadtilskot frå Husbanken**

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Oppfølging av styresak 26/2014.

Saka sitt utspring var ei henvending frå ordføraren i Ulstein kommune til administrasjonen i regionrådet om tildeling av startlån og bustadtilskot frå Husbanken.

Både Ulstein kommune og fleire andre kommunar på Sunnmøre har for 2014 fått tildelt mindre i startlån for vidare tildeling enn det dei har søkt om. Noko av bakgrunnen for dette er at det ligg føre nye sentrale føringar i Husbanken for startlån gjort gjeldande frå 1. april 2014.

Spørsmålet som vart reist var om styret i regionrådet vil gjere ei henvending til Husbanken for å prøve å påvirke omfanget av tildelingar av startlån og bustadtilskot.

Styret vedtok i sak 26/2011 at dagleg leiar skulle ta kontakt med Ulstein kommune og KS Møre og Romsdal om saka. Dagleg leiar orienterte om denne kontakta. Frå KS vart det sagt at dei ville ta saka opp i fagutvalet sitt for ei nærare avklaring der.

*Vedtak:* Administrasjonen i Sunnmøre regionråd følgjer opp saka vidare saman med KS. Saka skal ikkje handsamast vidare i styret i regionrådet.

### **Sak 34/2014: Orientering om Sunnmøre sonings- og kompetansesenter**

Ved prosjektleiar Anne Mette Livaag

Sunnmøre regionråd møtte justisminister Anders Anundsen 5. mai 2014. Føremålet med møtet var å presentere prosjektet og argumentere for at prosjektet bør prioriterast.

Justisministeren uttrykte at han såg på prosjektet som spanande og framtidsretta både fagleg og bygningsmessig. Ministeren orienterte om at vert arbeidd med ei stortingsmelding som skal handsamast til hausten. Denne skal ta utgangspunkt i Kapasitetsplanen og vil beskrive langsiktige perspektiv (20 – 40 år) for behovet for fengselkapasitet.

Det er søkt fylkeskommunen om LUK-midler til prosjektet, men søknaden vart ikkje imøtekomen.

I styremøtet kom det forslag om å ta kontakt med Romsdal regionråd (ROR) Fræna kommune og Kriminalomsorgen Region Vest ved Hustad fengsel for utvikle kunnskap om kvarandre sine prosjekt. Vidare kom det forslag om at arbeidsgruppa i Sunnmøre regionråd no burde avgrense seg til målretta politisk arbeid, mellom anna spreing av kunnskap om prosjektet i regjeringa. Prosjektet bør søkje planleggingsmidlar.

*Vedtak:* Dagleg leiar tek kontakt med ROR om fengselssaka og parlamentarisk leiar i FrP med tanke på planleggingsmidlar. Sammensettinga av arbeidsgruppa i regionrådet skal vurderast med tanke på å jobbe politisk.

**Sak 35/2014: Orientering om arbeidet med prosjektet Sunnmøre i framtida – samfunnsutvikling Sunnmøre.** Ved prosjektleiar Anne Mette Liavaag

Prosjektleiaren viste til at regionrådet har prøvd å få med seg fylkeskommunen som partnar i prosjektet, men at dette ikkje har lukkast. Administrativ tilbakemelding frå fylkeskommunen har vore at dei ikkje støttar drift. Prosjektet har vidare søkt LUK-midler, der ein etter møte med fylkeskommunen fann å prioritere to områder: innovasjonsskulen og Arena Sunnmøre. Ein fekk midlar til innovasjonsskulen, men ikkje til Arena Sunnmøre.

Når det gjeld innovasjonsskulen er ein i dialog med Høgskolen i Lillehammer, som ønskjer å starte opp med eit sunnmørskull i januar/februar 2015.

Hovudfokuset i prosjektet no er kommunereforma. Fylkesmannen skal ansette prosjektleiar for kommunereforma. Prosjektet legg opp til å gjennomføre ei innbyggjarundersøking om framtidig kommunestruktur.

Frå styret kom det fram følgjande synspunkt på det vidare arbeidet i prosjektet:

- prosjektet bør ha ei langsiktig finansiering. Prosjektet må bli så godt at næringslivsaktørar vil slutte opp om det.
- ein bør gå tilbake til utgangspunktet og starte saman igjen med dei opprinnelege aktørane. Regionrådet må bygge alliansar og partnerskap for å drive prosjektet. Gode prosessar må drivast saman med andre. Ein må danne eit nytt partnerskap.
- styret ønskjer på neste styremøte ei oversikt over vedtaka i prosjektet.
- kan ein lage ein presentasjon av prosjektet og selje den inn til moglege samarbeidspartnarar?

*Vedtak:* Styret ber administrasjonen presentere ei oversikt over vedtak og aktivitetar i prosjektet på neste styremøte. Vidare ber styret administrasjonen kontakte moglege samarbeidspartnarar for å avklare interesse for deltaking i prosjektarbeid for å følgje opp Sunnmøre i framtida. Saka skal handsamast på rådmannsmøtet 5. september 2014 før den vert teken opp på neste styremøte 19. september 2014.

**Sak 36/2014: Vidareføring av pedagogisk koordinatorstilling for Sunnmøre regionråd Oppvekst.** Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar for Sunnmøre regionråd orienterte innleiingsvis.

Prosjektleiar Torunn Måseide har gått over i ei ny stilling i regionrådet som utviklingsrettleiar for ungdomskuletrinnet. Målsettinga med den pedagogiske koordinatorstillinga er å lage ein sterk kompetanseregion for barnehage og skule. Det vert fokusert på skuleleiing, innovasjon og kompetanseheving. Det står igjen om lag kr. 800.000,- i prosjektmidlar for inneverande år.

Nokre av oppgåvene som pedagogisk koordinator vert i ein overgangsfase ivareteke av Torunn Måseide, som også vil vere behjelpeleg med å leggje til rette for ein ny prosjektleiar.

Det har kome klare signal frå deltakarkommunane at dei ønskjer at stillinga skal halde fram i regi av regionrådet.

Administrasjonen hadde til møtet formulert følgjande framlegg til vedtak: «Styret i Sunnmøre Regionråd går inn for å lyse ut stillinga som pedagogisk koordinator i skule og barnehage. Sunnmøre Regionråd stiller kontor til disposisjon. Prosjektleiar vert tilsett for to år, med moglegheit for forlenging».

Etter framlegg frå styreleiaren vedtok styret samrøystes følgjande:

*Vedtak:* Styret i Sunnmøre Regionråd går inn for å lyse ut stillinga som pedagogisk koordinator i skule og barnehage. Sunnmøre Regionråd stiller kontor til disposisjon. Prosjektleiar vert tilsett for eitt år, med moglegheit for forlenging.

**Sak 37/2014: Prosjekt Mission Possible – vern av barn**

Ved styreleiar Bjørn Sandnes og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Styreleiar orienterte om samtale med barne- og familieminister Solveig Horne og fylkesmann Lodve Solholm om prosjektet 24. mai 2014.

Prosjektet er i ein vanskeleg økonomisk situasjon med tanke på vidare drift. Dagleg leiar orienterte om at han har gjort avtale om å møte ass. fylkesmann 10. juni 2014 for å drøfte prosjektet.

Styret konkluderte med at ein må ha både ein kortsiktig og langsiktig strategi for prosjektet, der korsiktige midlar frå fylkesmannen kan kombinerast med med meir langsiktige midlar over statsbudsjettet og frå kommunane.